

# Møtereferat

## Administrativ styringsgruppe og leiargruppe

<b>Møtedato:</b>	<b>16.11.2018</b>	<b>Møtestad:</b>	Møterom Haukedalen, Førde rådhus
------------------	-------------------	------------------	----------------------------------

<b>Møtt</b>	<b>Ikkje møtt</b>
Torill Anita Segtnan Stian Jakobsen Solveig Masdal Haugsvær (gjekk etter sak 5) Marit Solheim Veronica Jamaris Huus Elin Enebakk Ellen Jensen Trond Ueland (gjekk etter sak 5) Helge Sæterdal (gjekk etter sak 5) Kirstin Bruland (gjekk etter sak 5) Atle Fasteland Lise Mari Haugen Øyvind Bang-Olsen Ole John Østenstad Malin Moldestad Jakob Andre sandal (Sak 6-7)	Øystein Høyvik Kurt Even Andersen

<b>Møteleiar:</b>	<b>Ole John Østenstad</b>	<b>Møtereferent:</b>	<b>Malin Moldestad</b>
-------------------	---------------------------	----------------------	------------------------

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel, omtale og konklusjon</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Frist</b>
1	<b>Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 02.11.18</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomgått og godkjent</li> </ul>		
2	<b>Tilbakemelding frå kommunalsjefar/nettverksleiarar om status i arbeidet som har frist 01.12.18</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sevice v/Ellen Jensen: Arbeidet med desentraliserte rådhusfunksjonar går bra.               <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Ellen Jensen og Øystein Høyvik skal på synfaring i servicetorga i kommunehusa dei neste vekene</li> </ul> </li> </ul>		

	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Rådmennene må melde frå om synfaringa og bakgrunnen i sin kommune</li> <li>• Kultur v/Trond Ueland: Status ok. Einingsleiarane har fått eit kartleggingsskjema om organisering av eininga, forslaget vil vere klart innan 01.12.18</li> <li>• Barnehage v/Helge Sæterdal: Status ok. Arbeider med forskrift for opptaksområde, eksisterande opptaksområde vert nytta ved opptak i 2019. <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Einingsleiarane ynskjer regelmessige møte</li> </ul> </li> <li>• Omsorg v/Kirstin Bruland: Status ok. Mykje arbeid <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Drøftingar knytt organisering av einingsleiing, ansvars- og oppgåvefordeling mellom einingsleiar og ev. fagleiar <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Personalnettverket må inkluderast i drøfting slike problemstillingar for å sikre nokolunde lik struktur</li> </ul> </li> <li>○ Det er entusiasme knytt til større fagmiljø og einingsleiarane ønskjer jamlege møte i 2019</li> </ul> </li> <li>• Skule v/Atle Fasteland: Status ok. Arbeidsgruppe for spes. ped. vert starta opp. Ordensreglementet er på høyring <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Arbeider med skulerute og tidsramme for skuleveke. <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Transport kan bli utfordrande, det er sett opp eit møte med Kringom</li> </ul> </li> </ul> </li> <li>• Økonomi v/Lise Mari Haugen: Status ok. Arbeider med skuggebudsjett</li> <li>• Digitalisering v/Lise Mari Haugen: Jakob Andre Sandal har teke over som leiar og kome godt i gang med arbeidet</li> <li>• Stab v/Lise Mari Haugen: Status ok.</li> <li>• Teknisk v/Øyvind-Bang Olsen: Status ok. Einingsleiarane har teke tak i arbeidet på sine område. <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Arbeider godt med organisering, inkl. bemanningsplan, organisering av leiinga, støtte frå stab, fordeling av arbeidsoppgåver mellom einingane.</li> <li>○ Nye einingar er meir utfordrande, men arbeidet er godt i gang</li> <li>○ Desentralisert struktur vert utfordrande</li> </ul> </li> <li>• Det er eit ynskje om fast informasjonsskriv til einingsleiarane, Ole John Østenstad og Øystein Høyvik følgjer opp</li> </ul>	<p>LMH, EJ, AT, ØBO</p> <p>OJØ, ØH</p>	
3	<p><b>Evalueringsoppfølging av gjennomførte møte:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• 06. og 07.11.18 Leiarsamling <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Veldig godt opplegg, einingsleiarane er klare for å bidra</li> <li>○ Ole John Østenstad, Øystein Høyvik og Jan Birger Moe vil gå gjennom råmaterialet på tysdag</li> </ul> </li> <li>• 13.11.18 Felles ungdomsrådsmøte <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Dei politiske prosjektgruppene «politiske organisering», «symbol og identitet» og «lokaldemokrati» hadde opplegg for innspel frå ungdomen til sine prosjekt</li> <li>○ Godt møte med engasjert ungdom</li> </ul> </li> <li>• 14.11.18 Fellesnemnda <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Godt møte</li> </ul> </li> </ul>		

4	<p><b>Vakansar – ledige stillingar sidan førre møte</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Hovudtillitsvalde kom med tilbakemelding om dårleg kommunikasjon i arbeidet med samarbeid for feiarordning fram til 01.01.2020 <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Stilte spørsmål om kven som har mandat til å starte slike prosessar og kven som har ansvar for framdrift i prosessen</li> </ul> </li> <li>• Førde kommune manglar skiltgodkjenningkompetanse <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Dei ansvarlege i Førde må få informasjon om dette, så må vi satse på eit samarbeid fram til 01.01.2020</li> </ul> </li> </ul>	TU	
5	<p><b>Namn på einingar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomgang og drøfting av forslaget</li> <li>• Kommunalsjef skule, ikkje kommunalsjef for skule</li> <li>• «Sunnfjord» vert ikkje nytta i namn på einingar, det kan skape forvirring</li> <li>• Namn på einingane er i hovudsak i bunden form, men det er nokre unntak</li> <li>• Spørsmål om bindestrek i næring- og samfunnsutvikling <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Konklusjon: Næring og samfunnsutvikling (utan bindestrek)</li> </ul> </li> <li>• Endra namn til Naustdal skule, ikkje barne- og ungdomsskule <ul style="list-style-type: none"> <li>○ ØBO melder frå om endringa til einingsleiar</li> </ul> </li> <li>• Administrativ styringsgruppe meiner «Aktivitets- og frisklivstenesta» er ei tung formulering <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Forslag om å endre det til Frisklivs- og aktivitetstenesta, frisklivstenesta eller aktivitetstenesta.</li> </ul> </li> <li>• Bindestrek eller tankestrek, det er rett med bindestrek. <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Administrativ styringsgruppe tilrår komma framfor bindestrek</li> </ul> </li> <li>• Namna er i hovudsak bestemt og vert sendt ut til einingsleiarane i løpet av komande veke</li> </ul>	ØBO  KEA	
6	<p><b>Tilskot frå KMD knytt til infrastrukturtiltak – plan</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi skal rapportere til KMD om bruken av tilskota innan nyttår <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Rapporten vert sendt som referatsak til fellesnemnda</li> </ul> </li> </ul>		
7	<p><b>Utbygging av breiband og fiber v/Jakob Andre Sandal</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomgang av status for breiband og mobildekning i kommunane, og målsetningar på statleg og kommunalt nivå</li> <li>• Handlingsrommet er krevjande, men vi må satse på utbygging av breiband og fiber og signalisere kva vi vil oppnå <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Jakob Andre Sandal utarbeider ein enkel plan/strategi som kartlegger behov og avklarar ambisjonsnivå. Den kjem tilbake til administrativ styringsgruppe</li> <li>○ «Raude» område bør vere prioritert, dei som ikkje har dekning</li> <li>○ Arbeid med utbygging av mobildekning bør bli inkludert</li> </ul> </li> </ul>		
8	<p><b>Planlegge innhald i møte som skal skje:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• 20.11.18 Møte med HTV og HVO <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Gjennomgang av dagsorden <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Status i arbeidet</li> <li>▪ Den økonomiske situasjonen</li> </ul> </li> </ul> </li> </ul>		

	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Informasjon frå personalnettverket</li> <li>▪ Lønspolitikk</li> <li>▪ Bruk av kommunehusa</li> <li>• 12.12.18 Fellesnemnda og PSU <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Orienteringar <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ SYS-IKL</li> </ul> </li> <li>○ Saker til handsaming <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Lønspolitikk (PSU/fellesnemnda)</li> <li>▪ Møteplan 2019</li> <li>▪ Felles ordensreglement</li> <li>▪ Skulerute</li> <li>▪ Klimaplan (usikker)</li> <li>▪ Strategisk næringsplan (usikker)</li> <li>▪ Digitalisering (usikker)</li> </ul> </li> <li>○ Notat frå Origod om VTA-plassar mv.</li> <li>○ Forskrifter og vedtekter</li> </ul> </li> </ul>		
9	<p><b>Møteplan 2019 – siste utsjekk</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunane har lagt opp til kommunestyremøte på same dato i 2019</li> </ul>		
10	<p><b>Eventuelt</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fellesnemnda bør få ei orientering om arbeidet med desentraliserte rådhusfunksjonar, Ellen Jensen følgjer opp når arbeidet er kome litt lenger</li> <li>• Førde kommune fekk opphavelag ein førespurnad frå KS om ein ansvarsfunksjon for ei prosjektgruppe som arbeider med felles innkjøpsfunksjon, i samband med at Sogn og Fjordane innkjøpsforum truleg blir lagt ned. Det er Flora kommune som no følgjer opp dette arbeidet <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Førde kommune har spelt inn at rådmannsutvalet bør ha ansvaret for ei slik gruppe</li> <li>○ Ole John Østenstad har spelt inn at Sunnfjord kommune vil ha sin eigen innkjøpsfunksjon, men vil bidra i arbeidsgruppe</li> </ul> </li> <li>• KS og pwc har laga ein rapport med forslag til modell for brannorganisering som vert presentert på Skei 05.12.18 <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Ole John Østenstad og Bernhard Øberg skal delta</li> </ul> </li> <li>• ROS-analysen er ferdig og vert handsama i arbeidsmiljøutvalet i Førde 19.11.18 <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Saka skal handsamast i AMU i alle kommunane</li> </ul> </li> <li>• Workshop om IKT-status i nye kommunar 04.12.18 i regi av Kartverket <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Ingen aktuelle personar har høve til å delta</li> </ul> </li> <li>• SYSIKT – Vik er på veg inn. Forhandlingar med nye Sogndal kommune og Luster kommune</li> </ul>	EJ, AF, ØBO	

*Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.*